



Arkivsaknr: 2024/9169-1
Sakshandsamar: Anders Olav Dale
Avdeling: Kulturutvikling, idrett og frivillighet

SAKSFRAMLEGG

Uttale til endringar i spelemiddelordninga for anlegg til idrett og fysisk aktivitet

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre vedtek uttalen med dei innspela som ligg føre under saksopplysningar.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næring, kultur og idrett.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret.

Saka gjeld

Kultur og likestillingsdepartementet (KUD) sendte ut høyringsnotat: «Forslag til endringer i spillemiddelordningen for anlegg til idrett og fysisk aktivitet» den 8. mai 2024. Høyringsfrist er 20. september 2024.

Spelemiddelordninga til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i kommunane gjeld fordeling av overskot frå Norsk Tipping sine pengespel til idrettsformål. Denne høyringa gjeld Kultur og likestillingsdepartementet sitt forslag til endringar i spelemiddelordninga.

Alver kommune har vore representert i dialogmøte i regi av Vestland fylkeskommune 14. juni der ein del høyringsforslag vart presentert og diskutert på tvers av kommunane i Vestland. Me var også med i eit innspelsmøte i regi av Kultur- og likestillingsdepartementet tilbake i januar 2023.

I høyringa understrekar KUD at dagens fordeling når det kjem til forvaltninga av spelemiddelordninga bør vidareførast. Alver kommune er positiv til dette, og meiner at

kompetansen og erfaringa hjå fylkeskommunen, samt deira moglegheit til å ha oversikt over anleggsutviklinga i fylket gjer dagens forvaltning av ordninga føremålstenleg.

Saksopplysningar

Det er totalt 26 forslag om endringar som er sendt på høyring. Alver kommune har følgjande innspel:

Pkt. 4.2.2 «Kommunale behovskartlegginger basert på bred og inkluderende medvirkning»

Forslag

For å styrka kommunane sitt arbeid med anleggsbehov og prioritering vil det vere eit vilkår at anlegg må vere «omtalt og prioritert» i ein kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Innspel

Alver kommune er positive til endringa frå dagens tekst der eit anlegg berre treng å vere «omtalt» i kommunal plan, til at det no skal vere «omtalt og prioritert». Dette gjer at kommunen i større grad kan ta ei aktiv rolle i prioriteringa av spelemiddelsøkte anlegg i eigen kommune. Me tilrår også at behovskartlegginga vert standardisert slik at den vert gjort på likast mogleg grunnlag på tvers av kommunar og fylker i heile landet.

Pkt. 4.3.3 «Fordelingskriterier: To alternative modeller»

Forslag

Fordeling av ramma til ordinære anlegg mellom fylka vert gjort på éin av følgjande måtar:

- a) behalde dagens kriterier, men der kvart kriterium vektast med 1/3.
- b) behalde dagens fordelingskriterier, og vektinga mellom desse.

I dag er godkjend søknadssum vektast med 50%, tal innbyggjarar med 25% og anleggsdekning med 25%.

Innspel

Dersom søknadssum skal vektast med 1/3 i staden for 50% som i dag ville Vestland fylkeskommune fått tildelt 17,5 million mindre i spelemidlar i 2023. Alver kommune meiner at ein må sjå bort frå anleggsdekning i utrekningsmodellen då denne er vanskeleg å måle, samt avstand mellom anlegg og vurdering av bruk ikkje vert tilgodesett på ein god nok måte i dag. Fylker med stor geografi og spreidd busetjing kjem då dårlegare ut enn mindre fylker. Ein bør også ta høgde for framskrivingar i folketal i fylka, då spelemiddelordninga er meint til å styrke dei framtidige anleggsbehova me har fylkesvis. Kommunen tilrår med bakgrunn i dette vidareføring av dagens ordning, forslag «a», men at ein også bør leggje til ventetid som eit av vurderingskriteria for tildelinga. Dette for å få ned skeivheita i ventetid før ein kan få utbetalt spelemidlar som me ser fylka i mellom i dag.

Pkt. 4.4.1 «Tilskuddsordning for ordinære anlegg»

Forslag

Det er fremma to alternativ for ei justert tilskotsordning for ordinære anlegg til idrett og fysisk aktivitet:

- a) eksisterande tilskotsordning vert vidareført, med dei endringar som elles foreslått i høyringsnotatet.
- b) ei to-delt ordning:
 - i. eksisterande tilskotsordning vert vidareført som i pkt. a. over. Hovuddelen av midlane følgjer denne fordelinga.
 - ii. Ein del av midlane vert sett av til regionale prioriteringar.

Dersom alternativ b. over, dvs. ei to-delt ordning, vert valt, er forslaget at:

- a) fylkeskommunen kan nytta inntil 10% av ramma, fordelt etter pkt. 4.3, til regionale prioriteringar.
- b) pressområdemidlar og særskilde tilskot til større interkommunale anlegg vert avvikla som eigne tilskotssatsar og inngår i fylkeskommunens regionale handlingsrom.

Innspel

Alver kommune er positive til forslag b., med ei to-delt ordning. Dette gjer fylkeskommunen eit handlingsrom på inntil 10% av ramma til regionale prioriteringar, og erstattar, etter vårt syn, pressområdemidlar og tilskot til større interkommunale anlegg på ein rettmessig måte.

Pkt. 4.4.3 «Forenklet anleggsordning»

- Forslag 7** Denne nye ordninga skal erstatte dagens nærmiljøanleggsordning.
- Forslag 8** Det blir foreslått at 10% av spelemidlane til anlegg for idrett og fysisk aktivitet blir sett av til ei forenkla ordning for utandørs anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet som er opne for alle.
- Forslag 9** Fylkeskommunen skal framleis få godkjenne anleggstyper for tilskot.
- Forslag 10** Maksimalt tilskot per anlegg blir 400 000,- (i dag 300 000,- for nærmiljøanlegg). Maksimalt statleg tilskotsandel per anlegg blir 50% (som i dag)
- Forslag 11** Tilleggstilskot til utvalde område med særskilte levekårsutfordringar vil bli vidareført
- Forslag 12** Det blir fortløpande søknadshandsaming og utbetaling av tilskot
- Forslag 13** Midlane fordelast mellom fylka i samsvar med tal barn og unge (6-19 år) i fylket

Innspel

Alver kommune rår til at forslag 9 vert vedtatt, samt å oppretthalde dagens ordning der det vert sett av ein sum frå Kultur- og likestillingsdepartementet til tilskot til nærmiljøanlegg. Dette skal vere basert på unge i alderen 6-19 år i kvar fylkeskommune. Det bør vere fylkeskommunane som bestemmer kor mykje som skal gå til nærmiljøanlegg, og til ordinære anlegg. Kultur- og likestillingsdepartementet vil i sitt forslag setje av 8% til slike anlegg i ny ordning, medan Vestland til no har fordelt om lag 15% av total sum av spelemidlane til nærmiljøanlegg. Me meiner nærmiljøanlegga har ein viktig del i den generelle folkehelsa, og at lågterskel aktivitetsarenaer bør prioriterast i større grad enn det forslaget legg opp til. Forslag 10 om auke av maks tilskotssum bør også innførast, men i den eksisterande nærmiljøordningas form.

Kultur- og likestillingsdepartementet ønskjer også ei fortløpande sakshandsaming i fylkeskommunane. Dersom ein kommune sender inn mange søknadar den 1. januar, så vil det ikkje vere høve for andre til å søkje om spelemidlar til sine nærmiljøanlegg seinare i året fordi ein kan gå «tom» for midlar. I praksis vert i så fall ny frist 1.1. kvart år uansett. Søknadane er føreslått sendt direkte til fylkeskommunen frå søkjer, og ikkje via kommunen noko me meiner svekkjer den lokale forankringa, og kjennskapen, ei slik ordning treng for best mogleg kvalitet i søknadsprosessen, og forvaltning av midlar.

Pkt. 4.5 «Søknadsberettigede aktører»

Forslag 14 Søknadsberettiga aktørar, bortsett frå kommunar, skal ha idrett, fysisk aktivitet eller friluftsliv som hovudformål.

Forslag 15 Det Frivillige skyttarvesen (DFS) og studentsamskipnadar har ikkje desse hovudformåla, men foreslår vidareført som søknadsberettiga aktørar.

Innspel

Alver kommune støttar desse forslaga. Alle som skal søkje spelemidlar bør ha idrett, fysisk aktivitet eller friluftsliv som hovudformål. Dersom andre organisasjon og skal kunne søkje, vil vi få lengre ventetid og det vil ikkje vere rett fokus på kva spelemidlane skal gå til. Det frivillige skyttarvesen (DFS) og studentsamskipnader bør framleis kunne søkje spelemidlar då dei aktiviserer mange innan idrett og friluftsliv.

Forslag 22 Dagens åtgang for burettslag, bygdelag og velforeiningar til å søkje om tilskot til nærmiljøanlegg blir ikkje vidareført i forenkla anleggsordning

Innspel

Alver kommune rår til at forslag 22 ikkje vert innført. Burettslag, bygdelag og velforeiningar eig ofte grunn der dei bygger anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Dette er ofte anlegg for lågterskel, eigenorganisert aktivitet. Spelemidlane er viktig finansiering for at desse anlegga skal bli bygd, og desse aktørane er etter vårt syn ei veldig viktig brikke i bygging av anlegg i

lokalmiljøa som stettar opp under god folkehelse. Me er uroa for at ei slik endring vil få negative konsekvensar for utbygging av anlegg, og dermed dårlegare aktivitetstilbod i lokalmiljø kringom i kommunen.

Pkt. 4.6. «Rammestyrt ordning»

Forslag 25 Forslag om at søknad til same anlegg kan fremjast inntil tre gongar.

Forslag 26 Det blir innført ein overgangsperiode der søknadar som er fremja før den endra anleggsordninga trer i kraft, blir handsama i samsvar med gjeldande regelverk og praksis. Dette skjer parallelt med at søknadar fremja etter at endra ordning har tredd i kraft blir handsama i samsvar med nytt regelverk.

Slik det er skildra i forslag 25 vil søknadsberettiga aktørar kunne søkje om spelemidlar til anlegg, men dei kan ikkje vere sikre på å få tilskot sjølv om dei skulle ha ein formelt korrekt søknad med alle obligatoriske krav oppfylt. Dersom søkarar vel å starte bygginga utan først å få handsama søknad om spelemidlar, gjer dei dette for eigen risiko og rekning. For å unngå uvisse knytt til at søkjarar i praksis, i noverande ordning, kan søkje i mange år utan å få midlar, blir det foreslått at søknad til same anlegg berre kan fremjast inntil tre gonger.

Innspel

Alver kommune rår til at forslag 25 ikkje vert innført. Føreseielegheit er viktig for anleggsutvikling og finansiering av slike prosjekt. Dette forslaget vil gjere ordninga mindre føreseieleg. Søkjar veit potensielt ikkje om dei kan få spelemidlar før det er gått tre år, og dersom ikkje søknaden går igjennom tredje året fell søknaden ut. I dag har Vestland fylkeskommune ei gjennomsnittleg ventetid på 3,58 år for å få tildeling til ordinære anlegg. Med Vestland sin anleggspolitikk som sørgjer for å utjamne ventetid mellom kommunane, må søknader til ordinære anlegg ha ein godkjent søknad i tre år før første tildeling. Alle søkjarar kan i dag planlegge, prosjektere og bygge i forvissing at dersom dei får ein godkjent spelemiddelsøknad, så vil dei få ei tildeling av spelemidlar. Noko som, trass ei for lang ventetid, i alle fall skapar ei viss føreseielegheit når det kjem til når ein kan forventa å få tildelt midlar. Me er bekymra for at dersom ein må vente i tre år for å sjå om ein får spelemidlar, eller ikkje, vil dette slå beina under motivasjon, drivkraft og initiativ for mange frivillige personar og organisasjonar, samt støttespelarar og eventuelle givarar. Konsekvensane vil etter vårt syn føre til negativ utvikling når det kjem til anleggsutbygging av ordinære idrettsanlegg. Dersom forslag 25 likevel skulle bli innført rår me til at forslag 26 vert innført.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vedtek uttalen med dei innspela som ligg føre under saksopplysningar.

Vedlegg

